



FINNÅS KRAFTLAG

*Referat frå  
Årsmøte  
i Finnås Kraftlag SA*

Torsdag 06. juni 2024  
Bømlo Kulturhus, Bremnes

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønska medlemmane og pressa velkommen til årsmøte.

I Samsvar med § 7.6 i vedtektene, skal styret peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes var peika ut til å leia møtet. Styreleiar skal syta for at det vert skrive protokoll og han peika ut Bente Steinsland til å vera referent.

Møtet har innan lovleg frist vore kunngjort 29.mai på Bømlo-Nytt, Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmer har motteke skriftleg innkalling. Det er sendt ut SMS-påminning til alle. Sakspapira har vore tilgjengelege på Kraftlaget sitt kontor og på heimesidene frå 30.mai 2023

Det møtte 106 medlemmer med til saman 125 røyster.

Før den formelle delen av årsmøte starta fekk årsmøte sjå premiere på ein filmsnutt. Målet med filmen er å visa fram Kraftlaget, og synleggjera at du Finn-ås overalt på Bømlo gjennom våre produkt, tenester, gåver, sponing og andre bidrag til Bømlo-samfunnet.

Filmen hausta applaus og vart godt motteken av medlemmane.

Neste punkt på programmet vart høgtidleg overrekking av ungdomsstipend på kr 25.000 til 15 år gamle Sarina Norzairin Seljeskog. Sarina har utmerka seg på høgt nasjonalt nivå innan symjing og har representert Bømlo på ein svært god måte.

Deretter heldt styreleiar ein velkomsttale der han starta med å ta opp tema vindkraftproduksjon på Bømlo. Kvelden før hadde det vore eit folkemøte i Rubbestadneset, og det var difor naturleg å ta opp teamet. Styreleiar slo fast at Bømlo Kraftnett har leveringsplikt til alle som ønsker tilknytning til nettet vårt, men at konsernet har, på det noverande tidspunkt, ei nøytral haldning til vindkraft. Han understreka at Bømlo Kommune først måtte ta stilling til saka og dei demokratiske prosessane må vera gjennomførte før Kraftlaget vil ha noko meining om temaet. Fylkesnes peika på at me allereie indirekte er eigar i kraftproduksjon gjennom vårt eigarskap i Haugaland Kraft. Vårt hovudfokus no er å skaffa nok nett. Kraftlaget har lenge jobba for nye sjøkablar til Bømlo, og er svært glade for at Fagne no har fått på plass to nye 132 kV sjøkablar over Stokksundet. Dei blir framleis drifta på 66 kV, men gir oss god kapasitet for framtida. Sjølv om sjøkablar er på plass er det framleis behov for meir kapasitet i område og Sunnhordlandsregionen er svært pressa. Denne problemstillinga har stort fokus hos oss og er også bakgrunn for at styret vil fremja forslag om nettutbyggingsfond.

Styreleiar var også inno i det gode årsresultatet. Resultatauken skuldast i hovudsak at ein, grunna kraftpriskrisa, i 2022 gjorde fleire tiltak som reduserte resultatet dette året. Det vart mellom anna gitt 12 millionar kroner i rabatt på nettleiga (nedskrive mindreinntekt) samt 14,4 millionar kroner i etterbetaling (kontantutbetaling til kraftkundar som ikkje mottok straumstøtte frå staten). I tillegg har nettselskapet blitt meir effektivt (105,3%). Eit effektivt nettselskap er positivt både for kunden og eigarane. I 2023 gav ein 13,5 millionar kroner i kjøpsutbytte, men i 2024 vert dette auka til rekordhøge 24 millionar kroner. I år er det altså medlemmene som får mest – slo styreleiaren fast.

Før han gikk over på den formelle delen av møte, uttala styreleiaren at han er stolt over at nettselskapet er på 9. plass når det gjeld mest effektive nettselskap i Norge. Det er også gledeleg å sjå at me er på 4.plass i Norge når det kjem til leveringstryggleik (målt i antall avbrot per sluttbrukar). Han viste også at selskapet er konkurransedyktig på pris og at kundeundersøkingar viser at selskapet har eit svært godt renommé.

**Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

*Vedtak  
Innkalling og sakliste vert godkjend*

**Sak 2 Godkjenning av møtebok for årsmøte 24. mai 2023**

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira sidan 30.mai

**Vedtak**  
*Møteboka for årsmøte 24. mai 2023 vert godkjend.*

**Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar**

Til å skriva under møteboka vart Birgit Sønstabø Esperø og Martin Laurhammer valde. Anne-Beth Njærheim og Dag Bøthun vart valde til å vera valobservatørar.

**Sak 4 Godkjenna årsmelding for 2023**

Årsmeldinga vart presentert av styreleiar Torleiv Fylkesnes.

Årsmøte gikk inn for tilråding til vedtak:

*Framlagd årsmelding for 2023 vert godkjend som årsmelding for Finnås Kraftlag.*

**Sak 5 Godkjenna resultatregnskap og balanse for 2023**

Administrerande direktør, Tor Bjarne Smedsrud presenterte regnskap og balanse.

Årsmøtet gikk inn for styret si tilråding til vedtak:

***Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.***

## Sak 6 Gjera vedtak om disponering av overskot

Kraftlaget har, jamfør samvirkelova og vedtektene, høve til å dela ut gåver til allmennyttige føremål.

Premissar for tildeling av allmennyttige gåver var tilgjengeleg som del av sakspapira.

**Styreleiaren presenterte styret sitt framlegg til vedtak:**

<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>kr 63 940 000</b>
Gåver til allmennyttige føremål	kr 2 352 000
Avsette til annen eigenkapital	kr 37 588 000
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer <sup>1</sup>	kr 24 000 000
<b>SUM Disponeringar</b>	<b>kr 63 940 000</b>

<sup>1</sup> Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2023.

**Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:**

Gåvefond disponert av styre	kr 2 000 000
Rubbestadneset IL, treningsrom	kr 192 000
Moster grendautval, bubilparkering	kr 117 000
Moster Idrettslag, lys kunstgressbane	kr 43 000
<b>Sum Gåver</b>	<b>kr 2 352 000</b>

**For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:**

*Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram*

*\* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra etterbetalinga (kjøpsutbytte) til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2023. Administrasjonen skal sørgje for at etterbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.*

***Det var ingen merknader til styret sitt framlegg, og årsmøtet gikk inn for styret si tilråding til vedtak.***

### Sak 7 Fastsetja godtgjersle til styre og valnemnd

Av rekneskapen for 2023 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 590.907,-

Vedtak:

*Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2023.*

### Sak 8 Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2023 går det fram at det er betalt kr 195.500,- for lovpålagt revisjon i mor og kr 575.500,- for konsernet. Det er også betalt hhv kr 150.300,- og 194.800,- i tilleggstenester.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

*Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskapen for 2023.*

### Sak 9 Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

*Deloitte vart vald til revisor.*

### Sak 10 Velja styre og styreformann

Valnemnda har i denne perioden bestått av fylgjande personar:

Oddgeir Alvsvåg (leiar), Idar Larsen, Selma Karin Vestvik, Jannicke Gjerdevik, Torhild Taraldsøy.

Desse var på val:	Periode:	Verv :	Innstilling frå Valnemnda :
Vermund Hjelland	2 år	Styremedlem	Attval
Signe Lund Jansen	2 år	Styremedlem	Attval
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm	2 år	Styremedlem	Attval
Øystein Våge	1 år	1.vamedlem	Attval
Malin Ölander Rolfsnes	1 år	2.vamedlem	Attval
Aud Gunn Løklingsholm	1 år	3.vamedlem	Attval
Torleiv Fylkesnes	1 år	Styreleiar	Attval



## Sak 12      **Endring av vedtekter §10 (bruk av årsoverskot) for å mogleggjera avsetning til nettutbyggingsfond**

Styreleiar presenterte saka for årsmøtet.

Han viste til at styret i Finnås Kraftlag SA i styresak 21.24 vedtok å foreslå for årsmøte å opprette eit nettutbyggingsfond som kan gi økonomisk støtte til bygging av elektrisk infrastruktur som er allmenntilgjengelig. For å kunne opprette eit slikt fond er det naudsynt å først gjera ei vedtektsendring som må handsamast på to årsmøte. Endringa krev to tredjedelars fleirtal av dei avgjevne røystene på begge årsmøta.

Det må også utarbeidast vedtekter for nettutbyggingsfondet som skal handsamast i eiga sak på årsmøte i 2025.

### Saksgang

- 1. handsaming av endring i selskapsvedtekter – årsmøte 2024
- 2. handsaming av endring i selskapsvedtekter – årsmøte 2025
- Legge fram vedtekter for nettutbyggingsfondet – årsmøte 2025
- Første avsetning til nettutbyggingsfond – årsmøte 2025

### Bakgrunn/motivasjon

Bakgrunnen for ønske om å opprette eit nettutbyggingsfond er å sikre at næringslivet på Bømlo (Bømlo Kraftnett AS sitt konsesjonsområde) har akseptable og konkurransedyktige kostnader ved etablering av næringsverksemd som krev forsterka straumnett. Fondet skal bidra til å dekke deler av kostnader til etablering av ny elektrisk infrastruktur, som igjen kan skapa nye arbeidsplassar og vera til nytte for allmenta og samfunnet på Bømlo.

Saka har vore vurdert juridisk av advokatfirma Deloitte og deira konklusjon er at avsetning til nettutbyggingsfond er i tråd med samvirke-lova, men krev vedtektsendring.

Forslag til vedtektsendring vart lagt fram for årsmøte og det vart gjennomført skriftleg avrøysting, der resultatet viste følgjande røystetal:

Ja: 112 røyster, Nei : 3 røyster, Blanke røyster :8

### **Saka fekk såleis meir enn 2/3 fleirtal og årsmøte gjekk inn for framlegg til vedtak:**

*Årsmøtet godkjenner at §10 i vedtektene til Finnås Kraftlag SA blir endra i tråd med styret si anbefaling (rød tekst viser nye endringar). Saka må opp til 2. gongs handsaming på neste årsmøte før dei blir gjort gjeldande.*

## § 10 Bruk av årsoverskot

10.1 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet **før andre disponeringar**, skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital **og etterbetaling** er oppfylte.

10.2 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet i konsernet kan avsetjast til eit fond som skal gi støtte til bygging av kraftnett (heretter kalla **Nettutbyggingsfondet**) Det er ein føresetnad at utdelingane frå **Nettutbyggingsfondet** kan reknast som **allmenntytige**.

Overføringa til **Nettutbyggingsfondet** skal ikkje redusere beløpet som vert sett av til kjøpsutbytte.

Det er ein føresetnad for vedtak om tilføring av midlar til **Nettutbyggingsfondet** at **Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling** er oppfylte.

--

Etter at årsmøtet sin formelle del var avslutta, inviterte styreleiar Torleiv Fylkesnes årsmøte til å komme med tilbakemeldingar til styret – både ros og ris.

Fleire medlemmer nytta høve til å gi tilbakemeldingar og dele refleksjonar om både drifta og tankar knytt til blant anna kraftproduksjon på Bømlo. Det vart tala både for og i mot kraftproduksjon på Bømlo.

Ein av medlemmene ytra ønske om kurs og opplæring i Altibox-produkta. Til det kunne Adm.direktør fortelje at det er planer om kurs til hausten når lokala i Hollundsdaalen er ferdig oppussa. Det vart også stilt spørsmål til datatryggleik og korleis Finnås Kraftlag sikra seg mot Cyberkriminalitet. Smedsrud svara at dette er eit tema som har stor merksemd både lokalt hos oss og nasjonalt.

Generelt fekk styret og selskapet gode tilbakemeldingar. Ein medlem oppsummerte med at når kraftlaget no kan visa til effektivt drift, høg leveringstryggleik, fornøgde kundar, nye produkt og konkurransedyktige prisar så er medlemmene strålande fornøgde.

Styreleiaren takka årsmøte for gode råd og tilbakemeldingar.

Styreleiar Fylkesnes takka også vertskapet i Bømlo Kulturhus og avslutta med å ønska alle vel heim.

Bente Steinsland, referent

\_\_\_\_\_  
Torleiv Fylkesnes, møteiar

\_\_\_\_\_  
Birgit Sønstabø Esperø

\_\_\_\_\_  
Martin Laurhammer